HJELMELAND KOMMUNE

Head Energy Infra As
Postboks 9
5868 BERGEN

Att:

Dykkar ref..	Vår ref.	Arkivkode:	Dato:
	24/952-6/24/10037	K2-L50, Gnr/bnr-63/77, Gnr/bnr-63/18	27.06.2024

VEDR. TILBAKEMELDING PÅ BREV OM ANLEGGSARBEID

Syner til tilbakemelding på brev angåande arbeid utanfor byggegrense mv.

Me forstår at ansvarleg søkjar ikkje til ei kvar tid har oversikt over detaljer på byggeplassen, men finn det likevel naturleg å minne om plan- og bygningslova § 23-4 som slår fast at ansvarleg søkjar er tiltakshavar sin representant ovanfor kommunen, samt SAK10 § 12-2.

Når det gjeld punkta i dykkar svarbrev:

1. Kommunen har ikkje mottatt informasjon om fjellsikring i samband med byggesaka. Me bed om å få tilsendt den vurderinga som Multiconsult har gjort.

2. Det er tillate med rigg- funksjonar innanfor det regulerte området, jf. reguleringsføresegnene § 2.6. Som me skriv i brev dagsett 25.06.24 så ser det ut som arbeid/rigg også skjer utanfor planområdet. Dette er ikkje kommentert i dykkar svarbrev. De skriv at tiltaket (anleggsvegen) er akseptert av nabo. Kommunen har mottatt brev frå nabo (vedlagd) som tilseier noko anna. Det er også noko uklårt kor vidt arbeidet strekk seg over eigedomsgrensa mot denne naboen. Me bed om kommentar på dette.

For tiltak utanfor plangrensa må det søkjast dispensasjon på vanleg måte med plan for tibakeføring, samt innhentast skriftleg samtykke frå grunneigar der det berører andre sin eigedom.

Me bed igjen om enkel og eintydig dokumentasjon av terrengarbeid sett i høve til plangrense, byggegrense og eigedomsgrenser mot sør og vest, innan 1.juli. Dette kan t.d. vere i form av kartskisse med målestokk, og med innmålte punkt, eller dronefoto.

Med helsing
Plan og forvaltning

Ingunn Varanes-Meland
Saksbehandlar byggesak og arealplan

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Vedlegg:
Anleggvei

Kopi til:

Hilde Ludvigsen	Ryfylkevegen 6961	4130	HJELMELAND
Janne Johnsen			
Kleppa Investering As	Kleppa	4130	Hjelmeland
Munthe Dagligvare As	Prestagarden 1	4130	HJELMELAND
Toppen Eiendom As	Prestagarden 78	4130	Hjelmeland